

# Norsk Spaniel Klub avd. Sogn og Fjordane

Møtereferat styremøte lørdag 18. oktober – hjå Inger



Sak	Referat frå saker avgjort via chatt på facebook	Ansvar mm.
14/14	<b>LP-kurset</b> i Gaupne – Inger har fått kurset ferdig godkjent hjå studieforbundet	
15/14	<b>Årsmelding</b> – Inger har laga utkast som alle likte	Inger jobbar vidare med denne
16/14	<b>Jaktkurset i Florø</b> – har vore vanskeleg å få Inger C Neset til å komma med ei aktuell helg – men ho har lyst å komme. Kurset må utsetjast til 2015 – men me prøver å få til ein treningsdag i Florø – sjå under.	Per Ståle Laila har kontakt med instruktør
17/14	<b>Premiar</b> Inger har ikkje laga fotokrus for bestått jaktanleggsprøve enno....	Inger
18/14	<b>Dommarkurs ettersøk</b> vart ein suksess og gav eit overskot på kr. 1.173.- Dei to som er anbefalt som elev av avdelinga fekk gratis kurs, mens medlem som kjem via anna klubb fekk kurset for halv pris.	
19/14	<b>Jaktanleggsprøve og apportprøve 2014</b> Me har fått endra feil dato for bevegeleg jaktanleggsprøve hjå NKK og fått dispensasjon for bruk av to dommarar i perioden frå NSK HS. Prøvepapira er ikkje heilt ferdige for innsending til NKK. Manglar ei underskrift.	Laila – ferdigstillta prøvepapira.  Inger - dommarhonorar
20/14	Me bestilte <b>NSK-ryggsekker</b> via NSK Østfold. Laila henta dei på jakt og fiskedagane på Elverum. Alle dommarar har fått ein. Styremedlemmer har fått kjøpt. Dei to me har att vert brukt som premiar på prøver i 2015. Sekkane ligg på lager hjå Inger	
21/14	<b>Jaktkontakt i avdelinga</b> Per Ståle er forespurt men me har ikkje fått svar enno.	Per Ståle
22/14	<b>Rallylydigheit</b> – klubben har kjøpt skilthaldarar i plast saman med Årdal hundeklubb. Skilthaldarane står på lager hjå Inger.	
23/14	<b>Fersksporprøve</b> – bruk av dommar utanfor avdelinga for å få gjennomført elevarbeid på Elin Anita Gjerde. Vart arrangert i samarbeid med Luster hundeklubb som også hadde ein elev på denne prøven.	
24/14	<b>Prøvar 2015 – spørsmål om prøveperiode bevegeleg prøve</b> Laila har sendt mail til alle dommarane våre og spurt om kor lang periode dei vil ha i 2015. Torstein kan gjerne ha lenger prøve i Sunnfjord, så me søker om dette. Dei som melder seg på seint i perioden, må gå der dersom dei andre dommarane ikkje har eigna terreng når jakta har starta.	
25/14	<b>Organisasjonskurs i Oslo 11 oktober</b> Arrangør HS. Dessverre hadde ingen frå styret anledning til å reise. Laurdag er vanskeleg dag reisemessig. Krev fredag og søndag som reisedag. Men me har fått tilsendt organisasjonshandboka som me les på tur. Den ligg no hjå Inger.	
26/14	<b>Me har lodda interessa for prøvar andre stader i fylket via facebook's sida vår</b> Hilde Rotihaug på Nordfjordeid har sagt seg villig til å lage prøve der. ☺ Laila har hatt kontakt med henne om dato. Sjå oversikt prøvar 2015.	
<b>Sak</b>	<b>Referat frå saker avgjort på styremøtet 18. 10</b>	<b>Ansvar mm.</b>
27/14	<b>Ordinære blodsporprøvar 2015</b> 7. juni Eid – 12 spor (Stryn 6. juni) – 2 dommarar	Laila legg søknad om prøvane inn i

	20 eller 21 juni Årdal – 6 spor – 1 dommar 15-16 august Årdal – 12 spor – 1 dommar	dogweb/NKK
<b>28/14</b>	<b>Blodspor bevegeleg 2015 – 1.5-30.09</b> <b>Ferskspor bevegeleg 2015 1.7-30.09</b> Elin Anita har att aspirantarbeidet på blodspor for å vera ferdig dommar. Me oppfordrar dommar	Laila legg søknad om prøvane inn i dogweb/NKK
<b>29/14</b>	<b>Jaktanleggsprøve og apportprøve bevegeleg 2015</b> <b>01.05-31.07 og 1. 08-31.08</b> – håp om å kunne ha to dommarar – ein tilreisande. Stian Kirkeberg har hjelpt oss med apportvilt slik at det alt er ordna for prøvane i 2015 – noko me set stor pris då me ikkje har lukkast å få apportvilt i fylket. ☺	Inger legg søknad om prøvane inn i dogweb/NKK
<b>30/14</b>	<b>Ordinær jaktanleggsprøve og apportprøve tysdag 4. august</b> Planen er tilreisande dommar. Lausleg avtale med dommar er gjort.	Inger legg søknad om prøvane inn i dogweb/NKK
<b>31/14</b>	Skal avdelinga arrangere <b>rallylydigheitsprøve</b> saman med Årdal hundeklubb? Vert avklara på styremøte i Årdal HK 23. oktober.	Laila får ansvar for å halde kontakt med Årdal HK og sjå på prisar for leige av ridehall
<b>32/14</b>	<b>Aktuell dato for jaktkurs i Florø 13-15 mars?</b>	Laila sjekkar med Per Ståle og prøver å få tak i instruktør.
<b>33/14</b>	<b>Medlemsmøte/treningsdag i Florø 7. desember?</b> Avhenging av at minst tre medlemmer frå dette distriktet vil vera med og at datoen er ok for Per Ståle. Inger og Laila er villige til å reise til Florø. Krev ei overnatting.	Inger legg ut invitasjon på FB og heimeside og sender skriv til medlemmene
<b>34/14</b>	<b>Medlemsinfo november 2014</b> Inger lagar og sender alle medlemmer og legg ut på heimeside/FB. Sender på mail til dei me har mailadresse på.	Inger
<b>35/14</b>	<b>Ubetale krav frå HS</b> Gjeld 2012 – premiar og RS. Per Ståle betalar desse ut.	Per Ståle
<b>36/14</b>	<b>Spanielutstilling i fylket i 2016???</b> Førde Brukshundklubb som arrangerer den einaste utstillinga i fylket har spurt om me vil inngå eit samarbeid med å få til ein dobbelutstilling. Dei flyttar sin utstilling frå april til oktober – grunna NKK Bergen, NKK Ålesund og dobbelutstilling i Møre og Romsdal om våren. Me har sett på antal påmeldte i Førde dei siste åra, og kan ikkje sjå at me klarar å forsvare økonomisk ei ny «lita» utstilling i fylket. Påmeldte Førde-utstillinga: 2014 – 20 spaniels 2013 – 18 spaniels 2012 – 25 spaniels + 7 kvelpar 2011 – 23 spaniels + 1 kvelp  Dersom utstillingar arrangert av NSK får «stor-cert» vil situasjonen truleg vera ein heilt anna då det dei utstillingsinteresserte i fylket må reise langt for å delta på er stor-cert-utstillingar.	Inger kontakar Førde BHK med denne beskjeden
<b>37/14</b>	<b>Sporleggarkurs og sporkurs våren 2015</b> Me vart inspirert av klubbmeisterskapet til Luster hundeklubb! Me arrangerer først eit sporleggarkurs som er gratis for klubben sine medlemmer. Dei aktive er med å instruerer og går spora som vert lagt. Dei som er med på sporleggarkurset får så førsteprioritet på sporkurs med eigen hund. Eit slikt dobbeltkurs i Sogn.	Inger, Laila og Elin Anita
<b>13/14</b>	<b>Skype-møter.....</b> Framleis aktuelt.....	Sjå førre møtereferat ☺

Ref Inger